

**Fra:** Post Alver byggesak  
**Sendt:** torsdag 16. juni 2022 10:03  
**Til:** Postmottak Alver; Lilli Ann Dyrkolbotn  
**Emne:** VS: Sikkerheit rundt bolig  
**Vedlegg:** oversikt fjell 7.jpg; steinras 8.jpg; vatn 1.jpg; vatn 2.jpg; vatn 3.jpg; vatn 4.jpg; vatn 5.jpg; vatn 6.jpg

Ettersender mail med bilder

---

**Fra:** Amalie Valdernesnes Marøy <[amaliev@moutlook.com](mailto:amaliev@moutlook.com)>  
**Sendt:** onsdag 17. november 2021 12:54  
**Til:** Post Alver byggesak <[byggesak@alver.kommune.no](mailto:byggesak@alver.kommune.no)>  
**Kopi:** [karina\\_olsvold@hotmail.com](mailto:karina_olsvold@hotmail.com); [trineolsvold@hotmail.com](mailto:trineolsvold@hotmail.com); [martintaule@hotmail.com](mailto:martintaule@hotmail.com); [mariusandre94@hotmail.no](mailto:mariusandre94@hotmail.no)  
**Emne:** Sikkerheit rundt bolig

Hei igjen,

Her følgjer ein e-post inkl. bilete av eit par ting rundt eigendommen vår som me (uderteiknande og naboar) er litt bekymra for, og som me er redd kan ha større konsekvensar i seinare tid.

Ved buseksjonen bl.a. eg bur (nr. 42) i er det sær s mykje vatn på parkeringsplassen vår når det regnar, som blant anna renn inn i mot terrasse og vegg til me som bur oppe; og ned langs vegg til naboane som bur i underetasjen. Det har ikkje blitt eit stort problem endå, men me ynskjer heller ikkje at det skal bli det, og det er til tider vanskeleg å komme seg inn og ut av bilar utan å bli sær våt. Vedlagt finn du bilete (1-3) frå ein lett regnvêrsdag. Det ein ser her er verre dess meir det regnar, og når det ein og annan gong er tørt er det framleis bløytt og myr-liknande i området.

Det same gjeld parkeringsplassen utanfor seksjon/nr 38 (bilete 4-6) der heile parkeringsplassen er fyllt med vatn slik at det så vidt er mogleg å komme seg frå bilen og inn i eine bustaden, då vatnet går så og seie heilt til døra. På vedlagt bilde 6 (der det er mørkt) får ein best innblikk i kor omfattande det er. Som ein kan sjå går vatnet heilt oppunder inngangspartiet, samt inngangen til alle bodane i seksjonen. Det verkar ikkje som om det er planlagt eller lagt inn noko form for drenering verken her eller nokon av dei andre parkeringane.

Langs vegen som går forbi boligane er det fjell og berg ovanfor, og me har også fått beskjed av naboane som bur der at utbyggjarane har sikra fjellveggen heilt til venstre (sjå vedlagt bilete 7), men ikkje i området i midten.

Dette fekk me erfare i vinter då det raste ein svær stein ned herifrå (vedlagt bilde 8). Dette var 5 min etter ein av oss var gått forbi med hund, og kunne hatt katastrofale fylgjer om steinen hadde rast litt før, eller dei var på tur litt seinare.

I tillegg er det bekmørkt no om vinteren, og ein ser ikkje noko med mindre ein har lommelykt med seg. Utbyggjar har sagt forskjellige datoar for når det skal komme gatelys, sist er det sagt at det skal komme når dei er ferdig med å kjøre lastebiler og andre maskiner opp og ned området, noko som vil seie når dei nærmar seg ferdig med siste bygget. No nærmar dei seg ferdig, men me er stygt redd for at det likevel vil ta tid og mas for å få opp gatelys. Er dette noko dykk også kan bistå i å få fortgang i?

Håpar på raskt svar, og at dykk kan hjelpe oss med å få orden i problema. Me har forsøkt flertallige gonger å seie i frå til utbyggjar om både det eine og det andre, og får beskjed av dei om at dei skal sjå på det - men ingenting blir gjort. Så no ser me ikkje noko anna løysing enn å ta det vidare for å forhåpentligvis få ei reaksjon på og løysing i ting.

Mvh Amalie Valdersnes Marøy m/naboar  
V/Austesundvegen 38-42